



Møre og Romsdal
fylkeskommune



INNOVASJON
NORGE

Invitasjon til

Erfaringskonferanse entreprenørskapsprogrammet

hoppid.no®

Fire år med heilskapleg satsing på entreprenørskap
- kva har vi lært og korleis satse vidare?

Kristiansund 09.-10. november



*"Fleire og betre
nyetableringar"*

Om konferansen:

hoppid.no vart starta i 2006 med mål om ei meir heilskapleg satsing på entreprenørskap i Møre og Romsdal. Med fleire og betre nyetableringa skulle gründerfylket Møre og Romsdal igjen bli ei sanning. Samarbeidspartane Møre og Romsdal fylkeskommune, Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og kommunane gjer no opp status, og inviterer til nasjonal erfaringskonferanse. Som ein del av konferansen vil dei ulike satsingsområda (delprosjekta) bli presentert på eigen stand. Til å løse oss gjennom desse to spennande dagane har vi fått Jan Erik Larsen, seniorrådgivar i rådgivingsfirmaet First House. Bli med og høyr våre erfaringar om korleis vi når målet om fleire og betre nyetableringar.

Program

tirsdag 09. november



- kl. 11.30 - Registrering og lunsj
- kl. 12.45 - Kulturinnslag

Skaparkraft og partnerskap i Møre og Romsdal

- kl. 13.00 - Velkommen til Møre og Romsdal *v/fylkesordfører Olav Bratland*
- kl. 13.10 - Kvifor entreprenørskapssatsinga hoppid.no? Om bakgrunnen for satsinga, samarbeidet og måla hoppid.no har vore tufta på *v/regional- og næringsssjef Bergljot Landstad, Møre og Romsdal fylkeskommune og dir. Bjørn Tunheim, Innovasjon Norge Møre og Romsdal*
- kl. 13.30 - Vi hoppa i det – korleis har vi jobba i programmet og kva har vi oppnådd? Organisering, metodikk og partnerskap *v/May-Britt Roald, programleiar i hoppid.no*

Skaparkraft og partnerskap i samspel

- kl. 14.00 - Innovasjon og entreprenørskap i eit regionalpolitisk perspektiv. *v/Hallgeir Aalbu, ekspedisjonssjef, Kommunal- og regionaldepartementet*
- kl. 14.40 - Pause, kaffi m/noko attåt
- kl. 15.00 - Kvifor satsa kommunen på partnerskap i hoppid.no? *v/Bjørn Inge Ruset, ordfører i Norddal*
- kl. 15.20 - Eg vart gründer i eige fylke- var det eit klokt val? Om prosessen frå idè til eiga bedrift og erfaringane så langt *v/Gry Cecilie Sydhagen, gründer og bedriftsleiar*
- kl. 15.40 - Urbane bygder med gardsbruk og Caffe lattè. Korleis skal vi vere med å skape attraktive bygder? *v/Anne Berit Løset, landbruksdirektør, Fylkesmannen i Møre og Romsdal*
- kl. 16.00 – Har hoppid.no levert? – Vi har evaluert. Analysefirmaet Oxford Research har evaluert programsatsinga hoppid.no, og presenterer funn og analyser *v/ Tor Borgar Hansen og Rune Røiseland, Oxford Research*
- kl. 16.45 – Pause, kaffi m/noko attåt
- kl. 17.00 – Rock City - gründereventyret som starta på ungdomsskolen, har i dag utvikla seg til å bli ei suksessbedrift, med både internasjonalisering og knoppskyting *v/Putte Svenson, gründer og visjonær*
- kl. 18.15 – Oppsummering av dagen
- kl. 19.30 – Festmiddag m/underhaldning

onsdag 10. november

Skaparkraft og partnerskap for framtida

- kl. 08.45 - Kulturinnslag
- kl. 09.00 - Kommunal næringsutvikling i eit framtidsperspektiv
v/Tommy Hernes, KS
- kl. 09.30 - Trendar - kven er framtidas gründerar, og kva næringsstruktur ser vi føre oss?
v/Arild Hervik, professor ved Høgskolen i Molde og Ole Helge Haugen, fylkesplansjef i Møre og Romsdal
- kl. 10.30 - Pause/utsjekking
- kl. 11.00 - Samarbeid mellom skole og næringsliv – ein gevinst i lokalsamfunnet?
v/Vibeke Hammer Madsen, adm.dir. i HSH, styreleiar i Ungt Entreprenørskap Norge
- kl. 11.30 - Korleis kan vi bidra til auka verdiskaping i framtida? Kompetanse, virkemiddel og partnerskap. *v/Gunn Ovesen, adm.dir., Innovasjon Norge*
- kl. 12.00 - Oppsummering/avslutning
- kl. 12.15 - Lunsj og avreise



Under konferansen vil dei ulike delprosjekta i hoppid.no vere representert på eigen stand. Her kan du få nærare kjennskap til metodikk, erfaringar og resultat.

Delprosjekta er:

- Etablerarretteiing (partnerskapsavtalar, sertifisering, etablerarlink m.m)
- Etableraropplæring (modulbasert etablerarkurs)
- Entreprenørskap i utdanning (frå grunnskole til høgskole - frå Gründercamp til Studentbedrift!)
- Topp/Vekst etablering (metodikk, utfordringar, kompetanse, nettverk)
- Idefangst og knoppskyting (metodikk for utvikling av knoppar frå etablerte bedrifter)
- Bygdemobilisering (bygdemobilisering, lokal utvikling, frivillig arbeid, bulyst)

Sagt om hoppid.no:

"hoppid.no har lagt opp til ei sertifisering som gir oss ein felles standard og meir kompetanse til å retteie etablerarar i kommunen."
Therese Jemtegård, hoppid.no.-kontakt i Norddal/Stordal.

"Prosjektet er nok det næraste ein kan tenke seg eit operasjonelt organ for etablerarar utover Innovasjon Norge, og er en modell andre kan jobbe etter. "Juryen i European Enterprise Awards 2008/2009".

"Småsamfunnssatsinga og bygdemobiliseringa i hoppid.no har vore utløysande for å skape aktivitet i heile bygda" *Inge Hole, Hellesyltvekst - kåra til Uviklingsbygda 2009*

"hoppid.no har gitt oss tilgang på eit elektronisk verktøy og eit nettverk som gjer det lett å samhandle og tilby nyetablerarar verdifull starthjelp." *Martin Foldal, hoppid.no-kontakt Ørsta.*

"For oss har hoppid.no- kontoret i Rauma betydd mykje, spesielt i etableringsfasen og i kontakta med Innovasjon Norge, men og som ein lokal ressurs som kan motiverer og hjelpe når spørsmåla hopar seg opp." *Stein Olsen, gründer, SkiRomsdal*



Om hoppid.no

Fire år med heilskapleg satsing på fleire og betre etablerarar i Møre og Romsdal – kva har vi lært, og korleis satsar vi vidare?

Etter å ha sett eit synkande tal på nyetableringar i Møre og Romsdal, tok Møre og Romsdal fylkeskommune, i lag med Innovasjon Norge, kommunane og Sparebanken Møre, initiativet til det fireårige programmet hoppid.no (2006-2010). Målet var fleire og betre etablerarar gjennom ei heilskapleg satsing på entreprenørskap.

I hoppid.no har vi jobba både med breidde og kvalitet. Frå mobilisering og kulturbygging i småsamfunn og entreprenørskap i utdanning, via ei sertifisert førstelineteneste med modulbaserte etablerarkurs, til spissa satsing på vekstbedrifter i delprosjekta knoppskyting og Topp/Vekst. hoppid.no er no både vår merkevare og vår metodikk for satsing på entreprenørskap. Samordning mellom aktørar og hjelpeapparat er nøkkelordet.

For å oppsummere erfaringane frå hoppid.no-programmet, inviterer vi alle med interesse for næringsutvikling og nyskaping til nasjonal erfaringskonferanse i Kristiansund 9.-10. november 2010.

Her vil vi presentere våre erfaringar gjennom programperioden, og vi vil få presentert ei rykande fersk evaluering av hoppid.no, gjennomført av Oxford Research. På dag to løfter vi blikket, og får innspel på korleis vi framover kan skape ei enno betre heilskapleg satsing på entreprenørskap.

Vi legg opp til eit spanande og variert program, der vi deler både dei gode historiene og utfordringane vi har møtt i denne satsinga. For å gi oss inspirasjon, har vi lukkast å få fatt i eit fyrverkeri av ein kulturentreprenør som har vore igjennom heile spekteret av den satsinga hoppid.no har hatt, heilt i frå entreprenørskap i skolen til internasjonal suksess - Putte Svensson i Rock City - www.rockcity.se

Velkommen til konferanse!

Praktisk informasjon

Påmelding:

Elektronisk påmelding på:

www.hoppid.no/erfaringskonferanse

Målgruppe:

Politisk og administrativ leiing i kommunar og fylkeskommunar, hoppid.no-kontaktar, næringskonsulentar og andre som arbeider med entreprenørskap og næringsutvikling, næringsråd/næringsforeiningar, næringsutviklingsselskap og virkemiddelapparatet.

Påmeldingsfrist: onsdag 26.oktober.

Arrangementsstad:

Thon Hotel, Kristiansund, tlf. 71 57 30 00.

Deltakaravgift: kr. 1500,- (inkluderer lunsj begge dagar og festmiddag).

Deltakarane betaler reise og overnatting sjølv. Overnatting på Thon Hotel Kristiansund, kr. 1000,- per person i enkeltrom, og kr. 600,- per person i dobbeltrom.

Ved spørsmål/meir informasjon: Programleiar May-Britt Roald, tlf. 71258053/46696382, e-post: may.britt.roald@mrfylke.no

